

Bergen domkyrkje fyrste juledag 2024

Preike ved biskop Ragnhild Jepsen

I opphavet var Ordet, Ordet var hos Gud, og Ordet var Gud.

Han var i opphavet hos Gud.

Alt vart til ved han,

og utan han vart ikkje noko til.

Det som vart til i han, var liv,

og livet var lyset for menneska.

Lyset skin i mørkret,

og mørkret har ikkje overvunne det.

Eit menneske stod fram, utsendt av Gud; namnet hans var Johannes. Han kom for å vitna.

Han skulle vitna om lyset, så alle kunne koma til tru ved han. Han sjølv var ikkje lyset, men han skulle vitna om lyset.

Det sanne lyset, som lyser for kvart menneske, kom no til verda.

Han var i verda, og verda vart til ved han, og verda kjende han ikkje.

Han kom til sitt eige, og hans eigne tok ikkje imot han.

Men alle som tok imot han, dei gav han rett til å bli Guds born, dei som trur på namnet hans.

Dei er ikkje fødde av kjøt og blod,

ikkje av menneskevilje og ikkje av manns vilje, men av Gud.

Og Ordet vart kjøt

og tok bustad mellom oss.

Og vi såg hans herlegdom,

ein herlegdom som den einborne har frå Far sin, full av nåde og sanning.

Kjenner de Kristusnærværet?

På juledags morgon er det som den tynne hinna mellom jord og himmel liksom dirrar med ei kjensle av heilagt nærvær, med bod om liv og frelse.

Barnet ligg på Marias fang i stallen.

Vi ser dei for oss, og vi ynskjer å gå inn.

Men det er nok for oss å stå utanfor, slik gjetarane gjorde. Det er nok å legge gåvene våre frå oss og med takk undre oss og tilbe, for så i age å trekke oss attende til våre liv der vi er sett til å leve. Biletet av barnet tek vi med. Og som Maria kan vi gøyme det i våre hjarte.

Vi tenkte at våre gaver var vakre.

Men gåvene barnet kjem med, er frå Gud. Ja, dei *er* Gud. Og vi kan ikkje skatte dei høgare:

Miskunn. Sanning. Rettferd. Fred.

Vi står utanfor krybba og ser.

Han som ligg på fanget til mor si, har kome med **miskunn**.

Er det ei gåve vi lengtar etter i vår tid, er det den. For verda rundt oss er hard. Ungane våre torer ikkje å seie kva dei tenker, for dei er redde for å bli straffa og utfrosne av medelevar eller i sosiale medier.

Vi lever i eit land der vi har gode som våre medmenneske i andre delar av verda berre kan drøyme om. Men verda er hard og tonen er hard – det er som vi har gløymt å vere gode; det er venta av oss at vi ikkje skal vere til bry i vår svakhet, ikkje ein gong vise den.

I politikk, i populærkultur, i vårt strev etter å vise at vi greier oss sjølve, står vi i fare for sjølv å gløyme at miskunn er ei gåve sendt frå Gud, ja – at Kristus *er* miskunn. Han som vart fødd i mørke og kulde, han som tok inn hjå dei som hadde falle utanfor og fått kjenne det nådelause på kroppen, han som viste at i det djupaste mørke, der er livet mest verd.

Når eg går av bussen på torget, møter eg ofte den gamle mannen som sit på ei mjølkekasse innmed ein lyktestolpe med ei korg og ein liten plakat framfor seg. Når det regnar som verst, får han trekke inn under taket hjå optikaren. Vi har ein fin tone – vi smiler til kvarandre, og så går eg til mitt. Han vert sitjande.

Hans svakhet er ganske innlysande.

Eg vart slått av min, då eg ein dag tok meg i å håpe at han ikkje var der då eg skulle gå av bussen: - Ubehaget eg kjenner på i møte med det livet som tilsynelatande er fattig og lite verd. Min eigen skam for at eg vil verne meg mot det som minner meg om sårbarhet.

Han treng miskunn og bed om det.

Eg treng miskunn, og har gløymt kvar eg skal finne det.

Den tyske teologen Dietrich Bonhoeffer sa det slik:

Han kjem i skapnaden av ein tiggjar, som det verjelause barnet i fillete klede, ho som bed om hjelp. Han utfordrar deg i kvart einaste menneske du møter. Så lenge det finst menneske på jorda, vil Kristus vere i denne verda som din neste.

Vi har fått Guds miskunn som ei av dei finaste gåver. Greier vi å ta i mot? Korleis kan vi gje den vidare?

I diktet "Den kvite duken" seier Marit Kaldhol:

*I dag vil eg hente fram den kvite duken
breie han ut, legge han på bordet sette fram brød, by inn til måltid
bere vatn til alle som tørstar
reie opp ei seng, stryke eit kinn, seie:
sov godt, sov trygt, seie det roleg
sjølv om dei trampar der ute
sjølv om dei skrik i redsle
sjølv om dei flyktar, blir skotne, ligg døde i graset
i dag vil eg gjere dette, i kveld, i natt, alle netter
den kvite duken på bordet skal lyse
i dag, i morgon, alle dagar
vil eg skape kvardagen, igjen og igjen*

Den andre av gåvene Kristus kjem med, er **Sanning**.

Og sanneleg treng vi sanninga mellom oss, sjølv om ho også kan vere ei krevjande gåve. I forteljninga om dei fire guddomlege systrene, er syster Sanning den tøffe - ho som seier beint fram slik det er. Nokre gonger kan det vere ganske nådeløst. Då treng vi miskunn.

Sanning er ransakande. Både om tilhøva i verda, og i vårt indre. Men sanning er også frigjerande. Evangelisten Johannes som denne dagen spenner opp den store forteljninga om Guds Ords kome til jorda, lyfter litt seinare i sitt evangelium fram Jesus som den som kjem med Guds sanning til menneska: *Blir de verande i mitt ord, er de verkeleg mine disiplar. Då skal de få kjenna sanninga, og sanninga skal gjera dykk frie.*

Guds Ord er sanning. Kristus viser oss kven Gud er, - Guds sanning som krev lys og avdekkjer urett. - Guds sanning som vert møtt av miskunn og set fri.

Diktaren held fram:

*i dag vil eg drage ut ein tråd
kvitare enn snø, gripe han, halde fast i han, gå ut
gå inn i den støyande byen
den brennande ørkenen, halde fast
løfte han, samle han til ein duk
reise han til eit telt, ein skuggefull stad
eit teppe til kvile for gråt, for sorg
lære barna mine at vi alle er beduinar i verda
at heimen vår er ein kvit duk, ein tråd
å binde rundt det einsame treet ute på sletta
drage han frå tre til tre
famle oss fram, halde fast
i dag, i morgon, alle dagar*

*sy han inn i hjartet, veve han
til eit laken, elske, føde barn
bli fødd sjølv
medan stormane rykkjer i tråden, trugar
med å rive han ut av hendene mine
lær meg å stole på vinden
i dag, i morgon, alle dagar*

Verda ropar etter den tredje gåva: **Rettferd**.

For det må då vere slik at om rettferden alt var her, ville jo ikkje den grusomme krigen på Gaza kunne skje.

Då ville ikkje menneska i Ukraina møte sin fjerde vinter i bomberom og kulde fordi ein krigshissande nabo går til ein urettmessig invasjon. Om rettferden var mellom oss, ville ikkje barna i Sudan lide hungersnaud i kjølvatnet av årelange utarmende konflikter; ville ikkje

massegravene i Syria vere fulle av menneske som var fengsla, torturerte og henretta utan grunn og dom. Ville ikkje menneske i vårt eige land, mellom oss, kjenne sorg og fortvilning for liv som ikkje er lenger, for von som brast, for lidning som pregar dagane.

Miskunn og Sanning avlar Rettferd – *rett ferd*. Og vi feirar denne morgonen fødselen til Han som sa om seg sjølv at han er vegen vi skal gå på den ferda. Lengst etter rettferd er ei drivkraft. Både til vår ferd i verda no, mellom menneske, i arbeid og kamp for ei rettferdig verd. Men også fordi at av alle Guds gåver, er rettferda den mest håpefulle - den som held oss fast, - og som held *dei* fast som er i bomberomma, i fattigdomen, i lidinga, - held oss alle fast i vona om at ein dag skal Guds rettferd openberre seg for alle menneske i ein ny himmel og på ei ny jord.

*i dag vil eg be: Gud, lat meg vere ein tråd i veven din vev meg inn, knyt meg fast
lat meg vere ein tråd i teppet om skuldrene
til ein som frys
i kledet sveipt om det nyfødde barnet
i kluten som tørkar blod, tørkar tårer
i dag, i morgon, alle dagar*

I forteljinga om dei fire guddomlege systrene er **Fred** den fjerde systera - avla av dei andre tre. Fred er frukta av at vi maktar å ta imot miskunn, sanning og rettferd og gjere dei verksame mellom oss, ikkje berre som gjerningar, men som gudlikhet, som vitnemål om Kristus, som Guds vilje med sitt skaparverk.

Sjå for dykk stallen denne morgonen: Maria som kviler etter ei hard stri. Dyra som vaktar menneska, bålet som brenn og Josef som er glad og undrande til kva som skal skje. Og midt mellom dei:

Gud – barnet, Guds frelsarplan.

Gud med oss. Guds fred.

Ordet vart kjøtt, seier evangelisten i sitt juleevangelium så vi skal skjønne og tru at Gud er *inkarnert*, gjort kjødeleg mellom oss så vi kan sjå, rekne med og ta imot at Gud faktisk ER verksam gjennom sine gåver:

At *miskunn* framleis skjer er Guds gåve mellom oss.

Kjenner de Kristus-nærværet?

At *sanninga* framleis gjer seg til kjenne i vår verd og frir menneske ut or løgn, fortiing og urett.

Merker de Krisusnærværet?

At *rettferda* framleis påkallar oss, roper mot oss om urett og lyfter den låge opp.

Kjenner de Kristusnærværet?

At *freden* samlar dei alle. Vi er i verda Gud framleis elsker.
Og vi er alle er sette til å vere neste for våre sysken.
For ingen er utan Guds kjærleik.

Kristus er her!

Og diktaren dreg trådane saman for oss:

*vev meg inn i det skinande bildet på veggen
det vi stirer mot, gler oss over, kneler framfor
ein tråd i bildet, ein tråd som lyser i natta, alle netter
vev meg inn i himmelen, vev meg opp av jorda
i dag, i morgon, alle dagar vere innvoven i den kvite duken sitt språk
der brødet alltid står framme
brødet vinen vatnet*

*lat det vere kvardagar
lat det vere juledags morgonar
lat det vere dukar nok til alle bord*

Ære vere Faderen og Sonen og Den Heilage Ande,
vår Skapar, Frigjerar og Livgjevar, som var og er og vera skal
ein sann Gud frå æve og til æve. Amen.